

Hausten 2026

Halvårsplan for Sunnylvn barnehage



KVA ER EIN HALVÅRSPLAN?

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar. Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

KVA ER RAMMEPLANEN ?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet elles ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen. For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.

Fagområda er i rammeplan er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn




	TEMA
August	Tilvenning og vennskap
September	Gardsdyr
Oktober	Skogsdyr
November	Skogsdyr / jul
Desember	Jul
Januar	Jungeldyr



Tema: Tilvenning og vennskap



I barnehagen vert grunnlaget for dei fyrste vennskapserfaringane barn får lagde. Dei vaksne i barnehagen skal tilrettelegge for at barna trivast saman med alle i barnehage, og gje hjelp og støtte til korleis vere ein god venn for andre. Å verte trygg og kjend med barna og dei vaksne i gruppa, er viktig for å føle seg som ein del av eit fellesskap.

mål 					Øve på å ta beslutningar i lag, utan for mykje vaksenstøtte
				Gje barna erfaring med å kome inn i den sosiale leiken	Gje barna erfaring med å kome inn i den sosiale leike
			Utvikle sjølvkjensle, og bli tryggare på egne val	Utvikle sjølvkjensle, og bli tryggare på egne val	Utvikle sjølvkjensle, og bli tryggare på egne val
		Oppleve glede ved å vere saman med dei andre barna, og vise hensyn til kvarandre	Oppleve glede ved å vere saman med dei andre barna, og vise hensyn til kvarandre	Oppleve glede ved å vere saman med dei andre barna, og vise hensyn til kvarandre	Oppleve glede ved å vere saman med dei andre barna, og vise hensyn til kvarandre
	Barna blir kjente med kvarandre og dei vaksne i barnehagen	Barna blir kjente med kvarandre og dei vaksne i barnehagen	Barna blir kjente med kvarandre og dei vaksne i barnehagen	Barna blir kjente med kvarandre og dei vaksne i barnehagen	Barna blir kjente med kvarandre og dei vaksne i barnehagen
	Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år

Metodar

- Leikegrupper
- Turar i nærmiljøet
- Bøker og forteljingar om vennskap
- Song og musikk
- Temaplansjar

- Samlingar
- Formingsaktivitetar



Tema: Gardsdyr

Temaet dyr skal følge oss gjennom dette barnehageåret. I september er det gardsdyr vi vil ha fokus på. Barna skal bli kjend med dyra vi har rundt oss, og bli kjend med omgrep knytt til gardsdyra og gard. I tillegg skal temaet gardsdyr vere med på å gje barna innsikt i kvar maten vår kjem frå og naturen sitt kretsløp.

mål 					Lære om kva ressurs dei ulike dyra gjev oss (mat, ull mm)
				Gardsbesøk, møte ulike gardsdyr	Gardsbesøk, møte ulike gardsdyr
			Lage gardsdyr av ulike materiale	Lage gardsdyr av ulike materiale	Lage gardsdyr av ulike materiale
		Få kjennskap til dei ulike dyra og kva mor/far/barn heiter	Få kjennskap til dei ulike dyra og kva mor/far/barn heiter	Få kjennskap til dei ulike dyra og kva mor/far/barn heiter	Få kjennskap til dei ulike dyra og kva mor/far/barn heiter
	Bli kjent med ulike gardsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike gardsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike gardsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike gardsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike gardsdyr gjennom sang og bøker
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metodar

- | | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Song og bøker om temaet • Formingsaktiviteter • Måle en sau med ull og maling • Temaplansjer • Matlaging av mat frå dyra | <ul style="list-style-type: none"> • Kva lydar lagar dei ulike dyra • Kva et dei ulike dyra • Kva misjon har dei ulike dyra |
|--|--|

Tema: Skogsdyr

I følge rammeplanen skal barna bli kjend med natur og dyreliv, og på den måten utvikle ei begynnande forståing for korleis dei skal ta vare på naturen, miljøet og dyra rundt seg. Å jobbe med temaet skogsdyr kan vere med på å skape ei slik begynnande forståing for dyra og naturen rundt oss, og samspelet mellom mennesker og dyr.

mål 					Lage digital film om skogsdyr
				Dramatisere «Skinnavotten»	Dramatisere «Skinnavotten»
			Gå tur i nærområdet og finne teikn etter ulike skogsdyr	Gå tur i nærområdet og finne teikn etter ulike skogsdyr	Gå tur i nærområdet og finne teikn etter ulike skogsdyr
			Bli kjent med kor dei ulike dyra bur og kva dei likar å ete	Bli kjent med kor dei ulike dyra bur og kva dei likar å ete	Bli kjent med kor dei ulike dyra bur og kva dei likar å ete
	Bli kjent med ulike skogsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike skogsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike skogsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike skogsdyr gjennom sang og bøker	Bli kjent med ulike skogsdyr gjennom sang og bøker
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metodar

- Sang og bøker om tema
- Formingsaktiviteter
- Tur i nærområdet
- Dramatisering
- Filmskaping

- Temaplansjer
- Matlaging
- Vi brukar «Hakkebakkeskogen» som inspirasjon

Tema: Jul



Rammeplanen for barnehagen seier at vi skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn.

I desember forkuserer vi ekstra på dei grunnleggjande verdiane i kristen og humanetisk arv og tradisjon oppimot norske juletradisjonar. Målet for desember er å skape samhald gjennom ulike juleaktivitetar. Vi fokuserer på song, forteljingar og ulike opplevingar vi gjer ilag

	mål					Dramatisere juleevangeliet
					Kunne fortelje juleevangeliet ved hjelp av konkretar	Kunne fortelje juleevangeliet ved hjelp av konkretar
			Gå Luciatog, dør til dør på Reset	Gå Luciatog, dør til dør på Reset	Gå Luciatog, dør til dør på Reset	Gå Luciatog, dør til dør på Reset
			Bli kjent med juleevangeliet	Bli kjent med juleevangeliet	Bli kjent med juleevangeliet	Bli kjent med juleevangeliet
	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år	

Metodar

- | | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Lære om den kristne julehøgtida • Kyrkjebesøk • Forteljingar, historier og sangar knytt til julehøgtida • Adventskalender | <ul style="list-style-type: none"> • Nissefest • Lucia • Julefrokost med foreldre og sysken |
|--|--|

Tema: Jungeldyr

Ifølgje rammeplanen skal barna få kjennskap til og kunnskap om dyr og dyreliv, samt naturens rike mangfold. Gjennom arbeid med temaet jungeldyr kan barn få undre seg over ulike dyr som finst, og skape ei begynnande forståing av at vi ikkje kan finne alle typar dyr i vårt nærmiljø. Arbeidet med jungeldyr kan få fram nysgjerrigheit hos barna, og skape ei begynnande forståing for artsmangfaldet i verda.

					Besøke «Kameleonen» på Stranda å sjå ulike dyr
				Lage rytmeinstrumenter	Lage rytmeinstrumenter
			Lage dyremasker	Lage dyremasker	Lage dyremasker
		Bli kjent med kor dei ulike dyra bur, og kva dei likar å ete	Bli kjent med kor dei ulike dyra bur, og kva dei likar å ete	Bli kjent med kor dei ulike dyra bur, og kva dei likar å ete	Bli kjent med kor dei ulike dyra bur, og kva dei likar å ete
		Bli kjent med ulike jungeldyr gjennom sang og musikk	Bli kjent med ulike jungeldyr gjennom sang og musikk	Bli kjent med ulike jungeldyr gjennom sang og musikk	Bli kjent med ulike jungeldyr gjennom sang og musikk
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metodar

- | | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Sang og musikk • Bøker om ulike jungeldyr • Rytmeinstrument med jungellydar | <ul style="list-style-type: none"> • Motorikk; Korleis bevege seg som eit dyr • Yoga |
|---|--|

Naudetatane

Kvart år i veke 38 er den årlege brannvernsveka. Formålet med dette er å auke bevisstheita om brannvern. Under dette temaet nyttar vi oss av brannbamsen Bjørnis, som er ei nasjonal satsing knytt til brannvernssopplæring i barnehagen. Bjørnis gjev omsorg og tryggleik til barn ved brann og andre ulykker, og gjev gode råd om brannvern til både små og store. Vi i Sunnylvn Barnehage har også valt å lære om politi og ambulanse, da desse etatane er sjeldan å sjå i bygda vår. Vi blir kjent med ambulansebamsen Vilje og trafikkbamsen Tarkus.



Språkgrupper

Som det står om i årsplanen for barnehagen har vi eit utviklingsarbeid som handlar om språk og språkutvikling. I den samanheng har vi 2 dagar i veka språkgrupper der vi har fokus på språk. Dette gjer vi gjennom å lese bøker, fortelje historier, nytte peikebøker, samt song og musikk, rim og regler. Vi synleggjer viktigheita av å lese bøker, samt at vi gjennom dette arbeidet viser barna at å lese ei bok kan gjerast på så mange måtar.

Vi har eit nært samarbeid med biblioteket, og prøver å besøket det 2 gongar i månaden. Vi held fram med tilbodet «tøyveskebiblioteket» til dokke heimane.

